

---

**Fra:** Tord Moltumyr  
**Sendt:** 16. april 2015 10:51  
**Til:** Postmottak Meland  
**Emne:** VS: Fløyting og ryggesensor. Flatøy.

Til eksisterende sak.  
Tord

---

**Fra:** sindre [<mailto:sindhøp2@hotmail.com>]  
**Sendt:** 15. april 2015 20:43  
**Til:** [vidar.nottveit@vegvesen.no](mailto:vidar.nottveit@vegvesen.no)  
**Kopi:** Tord Moltumyr  
**Emne:** Fløyting og ryggesensor. Flatøy.

Hei

Sender denne mailen grunna pipinga frå ryggesensorar og den ekstreme bruken av fløyta( fleire sekunder om gangen) i forbindelse med lessing og lossing, då det er støyande og sjenerande for oss som bur i nærleiken.

Det vert ikkje tatt hensyn til om klokka er 0700 eller om ho er 2000. Det er også komme eit deponi ca. 30 meter fra soverommet vårt og her blir det lossa til alle døgnets tider. Anleggsarbeidet varer ofte til 2030. Vi har to barn som legger seg kl. 1900 og på soverommet er det då mykje støy, og spesielt ryggesensoren og fløytinga er forstyrrende og unødvendig. Dette forstyrrer deiras innsovningsfase. Tidlegare har arbeidet vorte avslutta kl. 19.00, og då har me trøsta oss med at ungane i alle fall for sovne utan denne støyen. Men etter me stilte klokka og kveldane vart lysare, har arbeidet vart lenger på kvelden. Me føler oss ganske makteslause no og føler vi aldri får "fred".

Eg snakka med prosjektleder for Implenia ( Jørn Inge Grytten) i dag 15.04.15 og spurde kva for retningslinjer dei har for varsling innad i implenia, med tanke på lessing og lossing. Eg fekk ikkje noko konkret svar, noko som kan tyde på at arbeiderene ikkje har nokre konkrete retningslinjer med tanke på arbeid i bebygde strøk. Han sa fløyta blei brukt for og varsle den som rygga når han måtte stoppe, og at ryggesensor er det ingen krav til, men dei er montert på maskinene. Og det var HMS( HELSE MILJØ OG SIKKERHET!) på topp i følge Grytten.

Dette med fløytinga og ryggesensoren har me tatt opp med deg tidlegare, utan å få noko konkret svar. Me ønsker at de skal sjå på andre moglegheiter slik at situasjonen vert leveleg for oss fram til 2016. Me veit til dømes at de har radiosamband, dette måtte vel kunna erstatte fløytinga?

Og så lurar me sjølvsagt på kor lenge skal de egentlig arbeider på kveldane? Er dette noko de regulerer heilt sjølv, utan å ta hensyn til oss som bur og lever oppi dette?

Viss ikkje det blir satt inn tiltak snartast, så tar eg dette vidare med kommunen sitt miljøretta

helsevern slik at dei kan ta det vidare.

Helsing Sindre Hopland, Flatøyvegen 86